



Ørjan Tveit  
Elsters Gate 3  
5059 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/300 - 21/6782

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
29.01.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 357/8 Sætre

Tiltak: Forstøtningsmur og slipp for båt  
Byggjestad: Gbnr: 357/8  
Tiltakshavar: Ørjan Tveit  
Ansvarleg sækjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 12.01.2021.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det skal liggje føre situasjonskart frå Alver kommune med påvist tiltaka: mur og båttopptrekk i målestokk. Du har fått slikt kart frå byggesaksvakta 16.12.20.
2. Det skal liggje føre godkjenning av båttopptrekk/slipp av Bergen hamn før vi handsamar saka. Vi viser til kopi av førehandsuttale frå Bergen hamn av 02.09.19 i sak 2019/48667, kor dei viser til manglande grunnlag for å uttale seg.
3. Vi viser til APM vedtak nr.112/20 i dispensasjonssaka 20/389 av 02.09.20:

### APM- 112/20 Vedtak:

Klagen vert teke til følgje og vedtak i sak 20/389, datert 05.02.2020, vert gjort om. Det vert gjeve dispensasjon i samsvar med vedtak frå Utval for drift og utvikling i tidlegare Meland kommune datert 26.11.2019 i sak 19/1589, der følgjande vedtak vart fatta: «Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 andre ledd, jf. § 11-6 første ledd, dispensasjon frå landbruks-, natur- og friluftformålet i kommuneplanen sin arealdel, frå arealformålet bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og frå byggeforbodet i strandsona, for oppføring av forstøtningsmur og båttopptrekk.

Det gjeld følgjande vilkår for dispensasjonen:

- Dispensasjonen gjeld båttopptrekket. Dei gis ikkje dispensasjon til dei to utstikkarane på høvesvis 10,8 meter og 8,9 meter.
- Det skal ikkje gjerer noko med området mellom forstøtningsmuren og båttopptrekket.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Det vart ikkje gjeve dispensasjon for tiltak mellom muren og båtopptrekk. Slik vi tolkar teikningar skal det lagast betongplate mellom mur og båtopptrekk. Dette er i strid med gitt dispensasjon. Det kan godkjennast betongarbeid i tilknyting til mur og båtopptrekk.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.04.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Ørjan Tveit

Elsters Gate 3

5059 BERGEN